

## Flo og fjære

5. til 8. juli

| Lørdag | | | Søndag | | | Mandag | | | Tirsdag | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 04:35 | 120 | Flo | 05:28 | 117 | Flo | 06:29 | 115 | Flo | 01:23 | 53 | Fjære |
| 10:46 | 44 | Fjære | 11:46 | 47 | Fjære | 12:55 | 47 | Fjære | 07:38 | 116 | Flo |
| 17:13 | 115 | Flo | 18:08 | 114 | Flo | 19:12 | 115 | Flo | 14:03 | 44 | Fjære |
| 22:57 | 53 | Fjære | 00:07 | 55 | Fjære | | | | 20:19 | 120 | Flo |

TIDER OPPGJEVNE:
BERGEN. Matre: -11 min.
Kjelstraumen: +11 min.
Alverstraumen: + 14 min.



***HEIDRA:** Krigsveteranen John Pettersen frå Radøy vart i går tildelt Æreslegionens ordensteikn av Ridderklasse. Den franske forsvarsattacheen, oberst Frédéric Bartéi, stod for utdelinga.*
*(Foto: Arthur Kleiveland)*

# John Pettersen heidra med den største, franske ære

RADØY: Krigsveteranen John Pettersen frå Radøy fekk i går den høgaste, franske krigsmedaljen for innsatsen sin i den 99. bataljon under 2. verdskrig.

**ENDRE HOPLAND**
endre@nordhordland.no

– Du var med og gjorde ein fantastisk innsats for Frankrike, sa den franske forsvarsattacheen oberst Frédéric Bartéi under overrekkinga som fann stad i Åsane, heime hjå sonen til krigsveteranen frå Radøy, Stanley Pettersen.

– Det er sjølvsagt ei ære og stor stas å få denne utmerkinga. Eg har vore veldig spent på denne dagen og har ikkje hatt blund på auga i natt, fortel John Pettersen.

## Slagmarka i minnet kvar dag

Han var med i 99. Bataljon under kampane i Normandie, hendingar som har brent seg fast i minnet.

– Det er det som tyngjer meg – at eg hugsar alt. Eg tenker på slagmarka og hendingane der omtrent kvar einaste dag, seier Pettersen, som har fått mange utmerkingar og medaljar for innsatsen under 2. verdskrig.

## Ein stor dag

Fredrik Rongevær og Johannes Fosse var mellom gjestane som var til stades og feira overrekkinga saman med Pettersen sin nære familie.

– Dette er ein stor dag, seier Rongevær, som var her som ven og som representant for Nordhordland Forsvarsforening.

– Denne utmerkinga er med og synleggjer den innsatsen Pettersen har gjort for fridomen, seier Åshild Thorsen ved Vestnorsk Utvandringssenter.

## Formidlar historia

Ambassaden framheva også det arbeidet Pettersen har gjort med å formidla historia rundt 99. Bataljon og 2. verdskrig ved Vestnorsk Utvandringssenter.

– Det er flott at dette blir lagt merke til utanfor Radøy. Pettersen levandegjer og aktualiserer historia for nye generasjonar, seier Thorsen.

## – Takk for bragda

Den 99. bataljon vart send til Europa, og gjekk i land I Normandie 21. juni 1944. The US commanding general har uttalt at *« the Norwegians were the only infantry unit that his tanks had trouble keeping up with»*.

Den franske forsvarsattacheen framheva også John Pettersen sitt engasjement for sin gamle bataljon og andre krigsveteranar.

– Du har vore svært aktiv og gjort ein stor innsats for å halda liv i minna om krigsveteranane, ikkje minst knytt til monumenta ved Utvandringssenteret på Sletta. Eg vil takka for den bragda og det store motet du stod for under krigen, i frigjeringa av landet mitt, og det du har gjort i ettertid, sa representanten for den franske ambassaden.

---

Vår gode far, svigerfar,
bestefar, oldefar,
bror, svoger
og onkel

**Arne K. Haugsdal**

f. 18.03.1938
sovna stilt inn.
Masfjorden sjukeheim.
30. juni 2014.

Aud Marit — Oddbjørn
Randi
Geir-Ove — Karin

Christoffer,
Chris Benjamin,
Maya Christine, Maria,
Christian Mathias,
Julie, Tobias.

Slekta elles.

*Takk for alle gode minne.*

Gravferd frå
Sandnes kyrkje
tirsdag 8. juli kl. 12.00.

---

†

Vår omsorgsfulle og gode
mamma, svigermor,
farmor, mormor,
oldemor, tippoldemor,
søster, svigerinne
og tante

**Oddveig Kålås**

f. 12.02.1930
sovna roleg inn i dag.
Knarvik sjukeheim/
Hjelmås
30. juni 2014.

Atle — Zita
Solgunn — Peder

Tone — Jon-Åge
Siren — Arild
Christian
Alv Inge — Lillian
Lars — Hilde

Stephen og Carina,
Tanita, Tina, Jolanta,
Giedre og Christian,
Marcus og Christiane,
Oliver, Adrian, Leander,
Alise, Jan Richard,
Sebastian, Jonar
og lille Julian

Familie og vener.

*Takk for all din kjærleik og omsorg.
Vi ber gode og lyse minner med oss
i det store saknet.*

Gravferd frå
Hjelmås Kapell
onsdag 9. juli kl. 11.00.
Alle som vi vera med oss
denne dagen er hjarteleg
velkomne også til
minnesamvær etter
gravferda.

---

Min kjære Lill, min gode
stemor, vår umistelige
datter, svigerdatter, søster,
svigerinne og barnebarn

**Lill-Merethe
Aakvaag
Eidsheim**

f. 26.11.1983
døde plutselig fra oss i dag
Førde/Lindås
28. juni 2014

Rune
Patrick
Anita - Audun

Hilde - Sindre
Monica - Christer
Svigerforeldre
Besteforeldre

Tanter og onkler
Slekt og venner.

*Live as if you were
to die tomorrow.
Learn as if you
were to live forever.*
Mahatma Gandhi

Begraves fra
Alversund kyrkje
tirsdag 8.juli kl. 11.00
Like kjært som blomster er
en gave til
Schools for Africa
kontonr. 1644.04.09400.
Alle som vil følge Lill til
graven er hjertelig
velkommen.

---

Vår kjære mor,
svigermor,
farmor, mormor,
oldemor,søster,
svigerinne og tante

**Aslaug Kolås**

f. 27.01.1928
sovna stilt inn på
Haraldsplass sykehus.
2. juli 2014.

Marit
Astrid — Arvid
Randi — Odd
Morten — Gurid

Bjarte, Anita, Jannicke,
Anne Grethe, Sveinung,
Elisabeth, Reinhardt,
Karoline, Toralf

Oldeborn
Slekta elles.

*Så kom dagen.
Livets vei til ende var.
Takk for år
og alle stunder,
takk for alt
du for oss var.*

Gravferd frå
Lindås kyrkje
torsdag 10. juli kl. 13.00.
Like kjært som blomar
er ei gåve til LHL-
Kontonr: 8200 02 33311.

---

†

Min kjære mann,
vår omsorgsfulle far,
svigerfar, farfar,
morfar og bror

**Arne Johan
Brakstad**

f. 25.12.1923
sovna inn på Lerken.
1. juli 2014.

Gunlaug

Jan Inge — Anne Gro
Kjersti — Magne
Arve
Eva — Ole

Barnebarn
Gunhild (søster)
Slekta elles.

*Dette: å vera i livet,
open for alt ikring,
bunden med sterke røter
til menneske og til ting,
gi både hjarte og hender
i omsorg som aldri svik,
var det som gav
meining til ferda di
og let deg få
kjenne deg rik.*

*Minnast i kjærleik.*

Gravferd frå
Meland kyrkje
torsdag 10. juli kl. 11.00.




**Gravminne**
- Ring for katalog - Navnetilføying - Oppussing
Din lokale gartner
BoGrønt Eikanger
Hagesenter
Sauvågen 251 • 5913 Eikangervåg • Tlf. 56 35 77 30

Nordhordland Begravelsesbyrå AS
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Radøy og Osterøy
**Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no**
**AVD. FREKHAUG:** Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
**AVD. MANGER:** Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Stort utvalg i blomster og gravminner!



Marit K. Haukeland   Elin Morken   Sølvi H. K. Mjøs   Gro Elin Myhr
*Verdig hjelp ved dødsfall i distrikt og by*

†
**Vatne
Begravelsesbyrå AS**
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Ordner alt ved gravferd og kremasjoner i distriktet og byen.
**Tlf. 56 350910 Vakttelefon • Tlf. 56 351661 kontor**